



## INNKALLING TIL SOKNEMØTE

Saksbehandlar:	Jan Erik Hovland	Arkivkode:	413
Arkivsaknr:	SSA2023-4	Dokument:	SSA2022-4-1

Sula Soknerådet vil med dette kalle inn alle medlemmar av Den norske kyrkja på Sula til soknemøte:  
*Søndag 16. april 2023 etter gudstenesta i Langevåg kyrkje.*

### SAKLISTE:

Sak nr. 1 Godkjenning av innkalling .....	2
Sak nr. 2 Årsmelding for Sula sokn 2021 .....	3
Sak nr. 3 Årsmelding for Sula sokn 2022 .....	4
Sak nr. 4 Orientering om nytt kyrkjelydssenter i Langevåg .....	5

Det vert høve for medlemmane i kyrkjelyden å komme med kommentarar til sakene.

Sakspapira finnast i papirformat på kyrkjekontoret i 3. etg. i Sula rådhus, eller i kyrkjene.

Vel møtt!

Med helsing

**Sula sokneråd**

**Øyvind Kåre Sunde**

*leiar*

**Jan Erik Hovland**

*Kyrkjeverje*



## Sak nr. 1

# Godkjenning av innkalling

Saksbehandlar:	Jan Erik Hovland	Arkivkode:	413
Arkivsaknr:	SSA2022-4	Dokument:	SSA2022-4-2

### **Lovgrunnlag**

Regler om formene for menighetsmøtets virksomhet

*§ 1. Menighetsmøtet innkalles av menighetsrådet med minst 14 dagers varsel. Møtet skal kunngjøres offentlig i kirken og i lokalavis eller menighetsbladet og for øvrig på den måten som menighetsrådet bestemmer. Kunngjøringen skal inneholde tid og sted for møtet og oversikt over hvilke saker som skal behandles.*

### **Bakgrunn for saka**

Soknemøtet har vore annonsert i gudstjenesten minst 14 dagar før, og annonsert i Sulaposten, nettsider og sosiale media.

Vedtak i møte 16.04.2023:



## Sak nr. 2

### Årsmelding for Sula sokn 2021

Saksbehandlar:	Jan Erik Hovland	Arkivkode:	441
Arkivsaknr:	SSA2022-50	Dokument:	SSA2022-50-3
Utval:	Soknerådet	Møtedato:	17.03.2022
Utval:	Soknemøtet	Møtedato:	16.04.2023

#### Innstilling

Soknemøtet tek årsmeldinga til vitande.

#### Lovgrunnlag

Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet

#### § 9. Rapportering

1. *Menighetsrådet utarbeider innen 1. mars hvert år, en årsrapport over rådets virksomhet i siste kalenderår. Rapporten legges frem for årsmøtet/menighetsmøtet og oversendes kirkelig fellesråd, prosten, bispedømmerådet og andre som menighetsrådet bestemmer.*

#### Vedlegg:

Tittel	Dok.ID
Årsmelding Sula sokn 2021	SSA2022-50-4

#### Bakgrunn for saka

Årsmeldinga har vore tilgjengeleg på kyrkjekontoret og nettsidene våre siste året. Det vart ikkje halt soknemøte i 2022 pga. pandemi og anna sjukdom. Det vert difor lagt fram to årsmeldingar på soknemøtet i 2023.

Vedtak i møte 16.04.2023:



## Sak nr. 3

## Årsmelding for Sula sokn 2022

Saksbehandlar:	Monica Blom-Welle Eikrem	Arkivkode:	441
Arkivsaknr:	SSA2023-5	Dokument:	SSA2023-5-3
Utval:	Soknerådet	Møtedato:	16.03.2023
Utval:	Soknemøtet	Møtedato:	16.04.2023

**Innstilling**

Soknemøtet tek årsmeldinga til vitande.

**Lovgrunnlag**

Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellestråds virksomhet

**§ 9. Rapportering**

- 1. Menighetsrådet utarbeider innen 1. mars hvert år, en årsrapport over rådets virksomhet i siste kalenderår. Rapporten legges frem for årsmøtet/menighetsmøtet og oversendes kirkelig fellestråd, prosten, bispedømmerådet og andre som menighetsrådet bestemmer.*

**Vedlegg:**

Tittel	Dok.ID
Årsmelding Sula sokn 2022	SSA2023-5-4

**Bakgrunn for saka**

Årsmeldinga har vore tilgjengeleg på kyrkjekontoret og nettsidene våre dei siste 14 dagane.

I dette møtet vert årsmeldinga presentert.

Vedtak i møte 16.04.2023:



## Sak nr. 4

### Orientering om nytt kyrkjelydssenter i Langevåg

Saksbehandlar:	Jan Erik Hovland	Arkivkode:	740
Arkivsaknr:	SSA2022-49	Dokument:	SSA2022-49-14
Utval:	Soknerådet	Møtedato:	17.03.2022
Utval:	Soknemøtet	Møtedato:	16.04.2023

#### Innstilling

Soknemøtet tek orienteringa til vitande.

#### Bakgrunn for saka

Saka om kyrkjelyds-/forsamlings-/aktivitetshus knytt til Langevåg kyrkje har vore oppe til debatt og idémyldring i soknerådet i mange år. Det har vore eit ønskje å få med Sula kommune på finansieringa slik det har vore gjort i andre store investeringsprosjekt tidlegare. Kommunen har vore heller lunken til idéen, men i 2019 fekk saka vind i segla, og fleire politiske parti i kommunen hadde bygging av kyrkjelydssenter i Langevåg som eit av prosjekta dei ønskte å støtte komande valperiode i samband med kommunevalet 2019.

Saka blei følgd opp, og kommunen løyvde 500.000,- til eit skisseprosjekt. Eit utval med representantar frå sokneråd, kommunestyre og tilsette i soknet og kommunen, vart etablert. I starten av 2020 vart eit førsteutkast av korleis eit slik bygg kan sjå ut lagt fram for planutvalet. Vidare framdrift i saka måtte så settast på vent, då pandemien slo inn over landet.

No skal vi endeleg få presentere førsteutkastet for soknemøtet.

#### Litt om førsteutkastet

Skissene som i dag vert presentert er utarbeida av Norconsult. Til grunn ligger tidlegare arbeid i soknerådet om ein mogleg plassering i gangavstand frå kyrkja, på kyrkjetomta, skoten ned i terrenget, i skråninga ned mot parkeringsplassen. Det er teken omsyn til eksisterande infrastruktur, parkering med meir. Vidare har stab og sokneråd utarbeidd eit romprogram, og liste over kva behov som er i kyrkjelyden for aktivitetar.

Det vil vere behov for vidare arbeid med skissa. Det er også fleire spørsmål knytt til drift, finansiering, og bruk av bygget, som ikkje er avklart med kommunen.

#### Vegen vidare

Korleis denne saka skal vidareførast er uvisst. Det er kyrkjeval til hausten, og eit nytt sokneråd og eventuelle andre eldsjeler må sette seg ned i lag med staben for å sjå kvar vegen går vidare.

Vedtak i møte 16.04.2023: